

**Møte tirsdag den 4. mai kl. 10**President: **I n g e L ø n n i n g**

D a g s o r d e n (nr. 76):

1. Redegjørelse av kultur- og kirkeministeren om allmennkringkasteroppdraget til Norsk rikskringkasting
2. Interpellasjon fra representanten Ingvild Vaggen Malvik til nærings- og handelsministeren:

«Norsk prosessindustri kan bli verdensledende innenfor ny miljøteknologi og rene energiprosesser. Det krever en strategi som ser rammevilkår og virkemidler i sammenheng. Tre eksempler: Prosessindustriens Landsforening og Enova har avdekket et potensial på 5,3 TWh ved å satse på enøk og gjenvinning av spillvarme i prosessbedriftene. Solcelleindustri har åpnet nye muligheter på tradisjonsrike industristeder som Glomfjord, Narvik og Herøya. Skrapjernkjeden er Norges største gjenvinningsvirksomhet, men samtidig en stor utslippskilde gjennom bl.a. det statlige biloppsamlingssystemet og Fundias stålverk. Ved å se industrielle verdikjeder i sammenheng, og finne de gode løsningene, kan vi skape framtidsrettede industriarbeidsplasser basert på industriell-økologiske prinsipper.

Hvilken strategi har Regjeringa for å stimulere til en bærekraftig industriutvikling med sikte på å gjøre Norge verdensledende på dette området?»

3. Referat

**Presidenten:** Representantene André Kvakkestad, Haakon Blankenborg, Elsa Skarbøvik, Per Erik Monsen og Martin Engeset, som har vært permittert, har igjen tatt sete.

De innkalte vararepresentanter, for Oslo Ola Elvestuen og for Rogaland fylke Kari Austerheim Silde, har tatt sete.

Statsråd Valgerd Svarstad Haugland overbrakte 4 kgl. proposisjoner (se under Referat).

**Presidenten:** Representanten Eva M. Nielsen vil fremsette et privat forslag.

**Eva M. Nielsen (A) [10:03:34]:** På vegne av Lena Jensen, Rune J. Skjælaaen, Arne Sortevik og meg selv vil jeg fremme forslag om å sikre finansiering av sikkerhetsopplæringen av fiskere.

**Presidenten:** Forslaget vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

S a k n r . 1

*Redegjørelse av kultur- og kirkeministeren om allmennkringkasteroppdraget til Norsk rikskringkasting*

**Statsråd Valgerd Svarstad Haugland [10:04:30]:**

Eg har bede om å få halda denne orienteringa fordi Stortinget i budsjettinnstillinga for 2004 bad om å få seg førelagt arbeidet med presisering av NRK sitt oppdrag som allmennkringkastar.

Eg har tidlegare ved fleire høve vist til at departementet arbeider med å presisera allmennkringkasteroppdraget til NRK. Noko av bakgrunnen er krava i EU-kommisjonen og ESAs retningslinjer for offentlig finansiering av allmennkringkastarane. Noreg er bunde til desse gjennom EØS-avtalen. Desse retningslinjene gir få føringar når det gjeld kva oppdraget skal omfatta. Dette er det opp til kvart einskilt land å fastsetja. Formålet med EU-kommisjonen sitt krav om presisering er fyrst og fremst å hindra at offentlege midlar blir nytta til å subsidiera konkurranseutsett verksemd. Lisensen kan ikkje nyttast til å finansiera kommersielle tenester som fell utanom oppdraget allmennkringkastarane har.

Det er mange oppfatningar og forventningar om kva NRK skal vera. Ein gjennomgang og ei presisering av NRK sitt oppdrag vil difor òg vera positivt fordi det kan klargjera både for publikum, styresmaktene og verksemda sjølv det samfunnsansvaret NRK har. Ei presisering er òg naudsynt fordi det vil gjera det klart kva for oppgåver NRK kan nytta lisensmidlar til utan at det er i strid med EØS-avtalen.

NRK sitt oppdrag går i dag fram av kringkastingslova og vedtektene. Kringkastingslova slår fast at NRK har til formål å driva allmennkringkasting og verksemd som har samanheng med dette. Vedtektene utdjuvar kva dette oppdraget inneber.

TV 2, Kanal 24 og P4 har òg eit allmennkringkasteroppdrag. Krava går fram av konsesjonane deira. Dersom ein les vedtektene og konsesjonane til desse selskapa isolert, kan det sjå ut som dei kommersielle kringkastarane har strengare programkrav enn NRK. Programkrava til dei kommersielle selskapa er meir detaljert utforma enn det som gjeld for NRK. Og kvifor er det slik? Jo, programkrava til dei kommersielle kanalane kan vi i røynda berre fastsetja når konsesjonane blir tildelte. Med NRK er det annleis. Her kan vi kontinuerleg justera kursen m.a. gjennom vedtak i generalforsamlingar.

Eg vil her nytta høvet til å minna om at Allmennkringkastingsrådet har vurdert programma i NRK etter dei same kriteria som for dei andre kringkastarane. Det er gledeleg å konstatera at rådet gjennomgåande har vore svært nøgd med allmennkringkastingstilbodet til NRK. Det er ingen tvil om at NRK leverer eit kvalitetsprodukt som fyller krava til allmennkringkasting, sjølv om krava ikkje går klart fram av vedtektene til selskapet.

Tida er likevel mogen for å gi ei nærare presisering av NRK sitt oppdrag som allmennkringkastar. Grunnane til dette har eg nemnt.

Ikkje noko anna medium kan konkurrera med fjernsynet når det gjeld gjennomslag i folket. Heile 84 pst. såg fjernsyn på ein vanleg dag i 2003. Kvar person såg i gjennomsnitt 141 minutt. Sidan fjernsynet i så stor grad pregar kulturen vår og den kulturelle utviklinga, er det klart at allmennkringkasting er eit sentralt verkemiddel i

norsk kultur- og mediepolitikk. Dette gjeld òg for radio. Omgrepet «allmennkringkasting» var lenge jamgodt med NRK. I dag omfattar det også TV 2, Kanal 24 og P4.

Eg vil understreka at det offentlege engasjementet i NRK er basert på at NRK skal ha ei viktig samfunnsrolle. Dette gjeld både den offentlege eigarskapen, lisensfinansieringa og programkrava. NRK er og skal framleis vera Noregs fremste kultur- og medieverksemd.

NRK har eit særskilt ansvar for å fremja demokratiske, sosiale og kulturelle verdiar i samfunnet. NRK spelar ei viktig rolle når det gjeld å fremja kulturelt mangfald, tilby program som er allmenndannande, informera folket på ein objektiv måte, garantera mangfald og tilby kvalitetsprogram. Som lisensfinansiert allmennkringkastar har NRK større økonomisk fridom enn andre medium, og må difor vareta fleire og andre område i samfunnet enn kva kommersielle medium er pålagde. Målet er mangfald og ikkje like programtilbod.

Det er klart at NRK må ha stor oppslutning i folket. Men lyttar- og sjåaroppslutninga kan ikkje vera det einaste suksesskriteriet for ein ikkje-kommersiell allmennkringkastar som NRK. Med andre ord må NRK også i beste sendetid senda program som ikkje er for det breie lag av folket.

Når staten eig aksjeselskap, er det vanlegvis fordi staten vil tena pengar. Slik er det ikkje med NRK. NRK skal sjølv sagt ikkje gå med underskot, men selskapet skal heller ikkje generera økonomisk overskot til eigaren. NRK skal gi heile det norske folket avkastning i form av best mogleg allmennkringkasting. Dette skal òg dei kommersielle aktørane gjera, men dei skal i tillegg gi økonomisk avkastning. Vi må difor kunna stilla strengare og fleire krav til NRK enn til dei kommersielle aktørane. Eg meiner det er heilt avgjerande å sjå pliktene til NRK som allmennkringkastar og forventningane til NRK frå brukarar og eigarar i samheng med lisensfinansiering og offentlig eigarskap.

NRK har betre økonomiske rammevilkår enn nokon gong. NRK vil i 2004 ha 3 ½ milliard kr i inntekter. Dette er mykje pengar – det er faktisk like mykje som heile løyvinga til kulturformål i statsbudsjettet. I tillegg kjem ordninga med redusert sats for meirverdiavgift. Det er rimeleg at vi forventar mykje tilbake. I tillegg til høge krav til programtilbodet må det stillast krav om at pengane blir nytta så effektivt som mogleg. NRK går no i balanse etter fleire år med underskot. Eg vil nytta høvet til å rosa leiinga i NRK for den økonomiske utviklinga i selskapet.

Kringkastingsmediet er i ferd med å bli digitalisert. Stortinget har sagt ja til at det kan byggjast ut eit digitalt bakkenett for fjernsyn. Dette gir nye utfordringar både når det gjeld formidling, teknisk kvalitet og innhald. NRK vil vera ein sentral aktør i dette arbeidet. Eg legg vekt på at NRK skal vera vår viktigaste allmennkringkastar også etter at digitalt bakkenett er ein realitet.

Utgangspunktet for arbeidet med å presisera oppdraget til NRK var, som nemnt, EU-kommisjonens retningsliner. EU aksepterer ein vid definisjon av allmennkringkasteroppdraget. Samstundes må definisjonen vera presis nok til å kunna kontrollera at lisensen ikkje har vore nyt-

ta til aktivitetar som fell utanfor oppdraget. EU slår òg fast at aktivitetar som ikkje har samheng med dei demokratiske, sosiale og kulturelle behova i samfunnet, ikkje kan omfattast av oppdraget.

Utfordringa blir å presisera oppdraget på ein slik måte at det samsvarar med EUs krav, samstundes som definisjonen ikkje blir så detaljert at han blir ei tvangstrøye i høve til nyskaping og utvikling i NRK. Definisjonen må samstundes gjera det klart for publikum kva NRK skal levera. Definisjonen må også vera så klar at staten på ein enkel måte kan føra tilsyn med verksemda og føra ho i rett retning dersom noko går gale.

Det er ikkje mogleg å finna ein heilt eintydig og allmenngyldig definisjon av omgrepet «allmennkringkasting». Innhaldet i omgrepet varierer frå land til land ut frå kulturelle og sosiale skilnader. Men òg i dei einskilde landa er det ofte debatt blant kringkastarane, medieforskarane og politikarane om kva omgrepet eigentleg inneber.

Nokre overordna prinsipp knytte til allmennkringkasting finst det likevel. Allmennkringkastarane skal tena dei demokratiske verdiane i eit samfunn. Dei skal ta vare på og utvikla nasjonal kultur og identitet, og dei skal sikra kulturelt mangfald. Viktige prinsipp er òg breidd i programtilbodet, redaksjonelt sjølvstende, og at det skal vera mogleg for heile folket å ta imot sendingane.

Eg meiner det er logisk å dela NRKs oppdrag inn i tre nivå. Det første nivået, kjerneverksemda, er å driva dei tre riksdekkjande radiokanalane og dei to riksdekkjande fjernsynskanalane. Dette nivået blir i hovudsak finansiert av lisensmidlar, men kan òg i nokon grad finansierast av sponsormidlar.

Det andre nivået omfattar anna redaksjonell verksemd, som t.d. tekst-TV og ulike Internett-tilbod. Dette nivået har i dag blandingsfinansiering, med sponing og reklame i tillegg til lisensen.

Det tredje nivået omfattar ymse typar kommersiell verksemd som ligg utanfor det klassiske oppdraget som allmennkringkastarane har, t.d. lisensiering av produkt og sal av program. Dette nivået kan ikkje finansierast med lisensmidlar. Overskotet frå den forretningsmessige drifta skal nyttast til å finansiera programproduksjon og programkjøp.

Hovudoppgåva for NRK skal framleis vera å senda radio og fjernsyn av høg kvalitet til heile folket. Eg meiner det er viktig at NRK har ein sentral posisjon i den norske mediemarknaden òg i framtida. Det vil ikkje vera mogleg dersom NRK t.d. ikkje kan satsa på Internett. Med andre ord må NRK kunna satsa breiare enn berre på tradisjonell kringkasting, levera andre medieprodukt, driva produksjon og distribusjon i andre medium og nytta lisensmidlar til det. Vedtektene må spegla dette.

NRK kan i dag driva med kommersiell verksemd slik selskapet sjølv vil. Det har Stortinget vedteke. Eg meiner dette er positivt, m.a. fordi det gjer det mogleg for NRK å skaffa auka midlar til allmennkringkasting. Den kommersielle verksemda er skild ut i eit eige dotterselskap, NRK Aktivum.

Grensene mellom kommersiell verksemd og kjerneoppgåvene til NRK er ikkje alltid klare. NRK kan i dag få sponsormidlar til å produsera og senda visse typar program mot å identifisera sponsorane i egne plakatar. Mange meiner at dette iallfall minner om rein reklame. NRK opplyser at verdien av sponsormidlane er om lag 30–35 mill. kr årleg. NRK er lisensfinansiert og skal vera ei ikkje-kommersiell motvekt til dei kommersielle kanalane. Eg vil difor nytta høvet til å reisa ein debatt om om ikkje kjerneverksemda i NRK burde vera heilt fri for slike kommersielle uttrykk.

Eg tolkar det slik at det særleg er kjerneverksemda i NRK, allmennkringkasting i radio og fjernsyn, Stortinget ynskjer å drøfta før vedtektene blir presiserte.

Som allmennkringkastar skal NRK driva si programverksemd etter prinsippa om ytringsfridom og redaksjonelt sjølvstende. Dette inneber at NRK skal vera uavhengig av politiske, religiøse, økonomiske eller andre interesser. NRK skal gjennom programverksemda medverka til å fremja informasjonsfridom, dei demokratiske grunnverdiane og grunnleggjande menneskerettar. Eg vil peika på at programverksemda skal vera prega av høg etisk standard og vera balansert.

NRK må leggja særleg vekt på høg etisk standard på den journalistiske dekninga si. Dette må òg gjelda val av journalistiske metodar.

Eg vil nytta høvet til å minna om det eg har sagt tidlegare om dei overordna prinsippa for staten si styring av NRK, som fleirtalet i Stortinget har slutta seg til: NRK må ha stor fridom innanfor rammene av allmennkringkastingsoppdraget. Staten som eigar av NRK skal fyrst og fremst styra på overordna politisk nivå. På den andre sida må avgjerder som har direkte og vesentlege konsekvensar for sjølv allmennkringkastingstilbodet, vera ei politisk sak som krev handsaming i generalforsamlinga. I særlege høve kan det òg vera naudsynt å leggja saka fram for Stortinget. All styring må skje med respekt for NRK si rolle som redaksjonell verksemd. Spørsmål om redaksjonell profil og innhaldet i konkrete program ligg under redaktøransvaret og skal ikkje handsamast i politiske organ.

NRK har eit særskilt ansvar for å tilby det norske folket eit breitt tilbod av nyhende, aktuell informasjon og kulturstoff. Dette inneber at programmenyen skal ha tematisk og sjangermessig breidd, både når det gjeld samansetjing av programkategoriar og når det gjeld samansetjinga innanfor den einskilde programkategorien. Programtilbodet skal ha eit innhald som appellerer til breie lag av folket, og som sikrar interessene til minoritetar og særskilde grupper. Slike grupper kan t.d. vera born og unge, eldre, funksjonshemma, den samiske befolkningsgruppa og andre etniske og språklege minoritetar. Som lisensfinansiert kringkastar har NRK òg eit særleg ansvar for å tilby kvalitetsprogram, smale program og program som går analytisk til verks.

NRKs oppdrag inneber òg eit ansvar for å formidla scenekunst og musikk frå dei institusjonane som får ein stor del statlege midlar frå kulturbudsjettet. NRK har eit viktig ansvar i å bringa oppsetjingar og konsertar ut til

heile landet. Dette vart teke opp i kulturmeldinga, som vart drøfta her i salen for kort tid sidan. Det var ingen som ytra seg mot dette i debatten.

Men allmennkringkastarar kan ikkje berre driva med formidling av det andre produsere. NRK må òg sjølv ta ansvar for å produsera drama som tek utgangspunkt i norsk språk, kultur og røyndom. Eg legg òg vekt på at NRK skal ha eit ansvar for sjølv å produsera musikk, både som del av egne program og som sjølvstendige sendingar.

I tillegg til å informera og underhalda skal NRK vera ein aktiv aktør i det norske kulturlivet og medverka til å fremja norsk og samisk språk, identitet og kultur. Som lisensfinansiert kringkastar har NRK eit særskilt ansvar for å tilby program på norsk og med grunnlag i norsk kultur og tradisjon og for å formidla kultur og sikra kulturelt mangfald.

Dei fleste har i dag i praksis grenselaus tilgang til utanlandske medium gjennom Internett og utanlandske fjernsynskanalar. NRK har ei viktig rolle i å tilby norsk-språklege sendingar, og dette må i framtida bli ein endå meir sentral del av verksemda. Programtilbodet til NRK må difor i hovudsak bestå av sendingar på norsk. P4 og Kanal 24 er forplikta til å senda 35 og 30 pst. norsk musikk. NRK må liggja høgare enn dette, og det gjeld alle kanalane, både i radio og i fjernsyn.

Vidare ligg det fast at begge dei offisielle målformene skal nyttast. Minst 25 pst. av verbalinnslaga skal vera på nynorsk. Dette bør òg gjelda teksting på TV. NRK sitt ansvar for nynorsk må også komma til uttrykk på deira Internett-sider og i Tekst-TV. Eg vil òg minna om at NRK sine distriktssendingar har ei viktig språkpolitisk rolle i nynorskfylka. Styret i NRK har vedteke at det skal opprettast eit kompetansesenter for nynorsk i Sogn og Fjordane. Senteret skal i fyrste omgang driva opplæring av seks til åtte nynorskpraktikantar i året. Neste steg er å utvikla det til eit nasjonalt nynorsk kompetansesenter som etter planen skal vera i drift frå 1. januar 2005. Formålet er å fremja bruken av nynorsk i etermedia, men også nynorsk på Internett. Dette er eit spanande prosjekt, som eg vil følgja nøye.

Born og unge nyttar mykje tid til ymse medium. TV-tilbodet til born og unge aukar ved at kommersielle kanalar utvidar tilbodet eller etablerer nytt innhald for denne målgruppa. Etableringa av norskspråklege internasjonale barnekanalar kan vera ein trussel mot oppslutninga om NRK sine barneprogram. Dei sender program frå borna vaknar om morgonen til dei legg seg om kvelden. Dei etablerer seg over heile verda med enorme arkiv som dei kan senda frå utan at det kostar dei mykje. Desse kanalane vil vera ein trussel for produksjon av nasjonale barneprogram – og for born sin kulturelle identitet. Dei internasjonale barnekanalane er sterkt kommersielle og sender frå avsenderland med andre reglar for reklame retta mot born enn dei norske.

Det er likevel gledeleg at når NRK sender barneprogram, er sjåarane til stades. NRKs Barne-TV har ein marknadsdel på mellom 95 og 99 pst. i aldersgruppa 3–6 år. Satsinga på born og unge må likevel styrkjast, slik at

NRK kan laga eit nasjonalt alternativ til dei kommersielle kanalane med eit betydeleg innslag av eigenproduksjon. Denne satsinga må òg komma dei samiske borna til gode. Fjernsynstilbodet på samisk for born er i dag berre er 15 minutt i veka.

Når NRK2 blir tilgjengeleg for alle gjennom digital distribusjon, bør NRK2 òg utnyttast med auka tilbod til born og unge som ei motvekt til dei kommersielle kanalane.

Auka satsing på program for born og unge skal gjelda både i radio og i fjernsyn. Som lisensfinansiert allmennkringkastar må NRK sørja for å ha eit best mogleg tilbod til born og unge. Dette tilbodet må vera mest mogleg fritt for kommersiell påverknad.

Det er om lag 600 000 hørselshemma i Noreg. Det er viktig at denne målgruppa får tilgang til fjernsyn. Det ideelle hadde vore om alle sendingane til NRK var teksta for hørselshemma. NRK har saman med TV 2 drive forsøk med automatisk teksting av alle TV-program, men tekniske problem gjer at dette systemet ikkje fungerer. NRK tekstar no om lag 60 pst. av sendingane sine, sjølv om det ikkje er stilt noko formelt krav om dette. Dette er svært bra samanlikna med andre europeiske land. Det er likevel eit mål at NRK tekstar endå fleire av fjernsynsprogramma sine, særleg direkte sende aktualitets- og debattprogram. NRK driv, som ein av få kringkastarar i verda, ein eigen satellittsend kanal med teiknspråk særskilt for døve.

NRK skal spegla folket og gi alle eit tilbod. Eg føreset difor at NRK også styrkjer tilbodet til andre minoritetsgrupper. Dette tilbodet er ikkje godt nok i dag, korkje i radio eller i fjernsyn.

NRK sine distriktssendingar med radio og fjernsyn er ein veldig viktig del av informasjonstilbodet. NRK sender no distriktssendingar med fjernsyn i ti regionar i landet. Dette har vore ein suksess, og sjåartala aukar. Eg legg til grunn at NRK må ha eit like godt distriktstilbod i fjernsynet i heile landet. NRK opplyste i 2002 at det frå tredje kvartal i 2002 ville bli etablert egne sendingar i Nordland, men i eit svært avgrensa omfang. Stortingets føresetnader i denne saka krev at det blir etablert eit fullt utbygt distriktstilbod i Nordland. Eg har difor lagt til grunn at dei sendingane som tok til i Nordland frå hausten 2002, var ein start, og at programtilbodet seinare skulle bli utvida. Eg held fast ved at Nordland skal ha det same distriktstilbodet som andre delar av landet, og eg vil gjennom vedtak i generalforsamlinga påleggja NRK å gjennomføra dette frå og med 1. januar 2005.

Eg har merka meg at NRK i aukande grad sørger for at tidlegare sendingar i størst mogleg grad er tilgjengeleg for sjåarane via Internett. Det er gledeleg og viktig i ei tid der folks bruk av medieprodukt i aukande grad er uavhengig av sendeskjema. Dette gjeld ikkje minst historisk viktig materiale.

Lisensfinansieringa inneber kort og godt at NRK ikkje einsidig skal la marknadskreftene påverka programprofilen. Tilbodet frå NRK skal vera breitt og smalt, men det skal òg vera noko anna enn det vi får frå reklamefinansiering.

erte kanalar. NRK skal gi eit tilbod til dei norske sjåarane og lyttarane som gir heile folket ein meirverdi.

Dei krava til sendingane i NRK som eg no har gjort greie for, vil danna grunnlaget for ei presisering av NRKs oppdrag som allmennkringkastar. Vedtektene til NRK vil etter dette bli fastsette i generalforsamlinga.

**Presidenten:** I samsvar med bestemmelsene i forretningsordenens 34 a foreslår presidenten at kulturministerens redegjørelse blir ført opp til behandling i et senere møte. – Det anses vedtatt.

## S a k n r . 2

*Interpellasjon fra representanten Ingvild Vaggen Malvik til nærings- og handelsministeren:*

*«Norsk prosessindustri kan bli verdensledende innenfor ny miljøteknologi og rene energiprosesser. Det krever en strategi som ser rammevilkår og virkemidler i sammenheng. Tre eksempler: Prosessindustriens Landsforening og Enova har avdekket et potensial på 5,3 TWh ved å satse på enøk og gjenvinning av spillvarme i prosessbedriftene. Solcelleindustri har åpnet nye muligheter på tradisjonsrike industristeder som Glomfjord, Narvik og Herøya. Skrapjernkjeden er Norges største gjenvinningsvirksomhet, men samtidig en stor utslippskilde gjennom bl.a. det statlige biloppsamlingssystemet og Fundias stålverk. Ved å se industrielle verdikjeder i sammenheng, og finne de gode løsningene, kan vi skape framtidsrettede industriarbeidsplasser basert på industriell-økologiske prinsipper.*

*Hvilken strategi har Regjeringa for å stimulere til en bærekraftig industriutvikling med sikte på å gjøre Norge verdensledende på dette området?»*

**Ingvild Vaggen Malvik (SV) [10:30:54]:** Norsk prosessindustri kan bli verdensledende innenfor ny miljøteknologi og rene energiprosesser. Det krever en strategi som ser rammevilkår og virkemidler i sammenheng. Min visjon for framtidens industrisamfunn er en industri som bidrar til et økologisk opprettholdbart produksjons- og forbruksmønster som er basert på fornybare ressurser.

Før jeg havnet her, var jeg forsker og koordinator ved Program for industriell økologi ved NTNU. Det vi drev med fra programmet, ble opprettet på slutten av 1990-tallet, var litt sært, men framtidsrettet. Vi interesserte oss nemlig for material- og energistrømmer, ut fra en analyse om at vi også ville ha et industrisamfunn i framtiden selv under forutsetningen om bærekraftig utvikling. For hvem ønsker vel å leve i huler? Men fortsatt ser folk litt undrende på meg når jeg snakker om industriell økologi, og jeg vil derfor forsøke å gi en kort forklaring på hva denne tilnærmingen innebærer.

Sammenstillingen av ordene «industri» og «økologi» er relativt ny. Begrepet «industriell økologi» kom til Trondheim og NTNU fra Massachusetts Institute of Technology, MIT, hvor det var blitt tatt i bruk på slutten av 1980-tallet.

Industriell økologi handler om å se helheten i produksjons- og forbrukssyklusen. Vi følger ikke lenger et produkt fra vugge til grav, men fra vugge til vugge. Industriell økologi kan betraktes som et uttrykk for den endringen som har skjedd innenfor miljøforståelsen i forhold til et gammeldags «end-of-pipe»-miljøvern og en bærekraftig utvikling. Dette handler om en grunnleggende forståelse av at det ikke lenger er tilstrekkelig å rense utslippene til vann og luft fra store fabrikkpiper og avløp, når den mest alvorlige miljøbelastningen skriver seg fra bruken av eller avhendingen av produktene som blir kjørt ut gjennom fabrikkporten.

Industriell økologi betyr at vi må se på miljøbelastningen til et produkt i hele dets levetid, i alle fasene, fra utvinning av råvaren til produksjon, bruksfase og sluttproduktbehandling, både i forhold til materialbruk og energi. Og det er verdt å merke seg at konseptet «søppel» avvises. Her ligger et svært viktig poeng, ikke minst i forhold til selve navnet, industriell økologi.

Modellen er hentet fra biologien og fra naturlige økosystemer. Målet er et industrielt samfunn som fungerer på samme måten, og hvor det som i dag kalles søppel, i framtiden blir sett på som det det egentlig er, nemlig innsatsfaktorer til ny produksjon eller, mer folkelig, ressurser på avveie.

Oppsummert handler industriell økologi om å se sammenhengen mellom økologi, økonomi og samfunn i et helhetlig og langsiktig perspektiv. Med utgangspunkt i en slik forståelse av industrielle verdikjeder er det lett å bli engasjert i næringspolitikken. For hvordan kan en slik forståelse operasjonaliseres? I interpellasjonsteksten har jeg pekt på tre mulige eksempler.

For det første burde vi satse mer på energigjenvinning i industrien. Prosessindustriens Landsforening og Enova har avdekket et potensial for energieffektivisering for kraftkrevende industri til 5,3 TWh pluss 1 TWh spillvarme som kan gjenvinnes.

Ingen er tjent med at industrien bruker mer energi enn det som er nødvendig. Litt av baksiden av «billig kraftmedaljen» som bidrog til å løfte fram norsk prosessindustri, var nettopp at det ikke ble jobbet tilstrekkelig med energisparing, og at vi derfor har et uutløst potensial. Her kunne staten aktivt bruke eierskapet i Statkraft. Det er nemlig to måter å redusere energikostnadene til industrien på – enten gjennom redusert kraftpris, en mulighet som flertallet på Stortinget har bidratt til å fjerne gjennom energiloven og EØS-avtalen, eller gjennom redusert energiforbruk. Mitt spørsmål til statsråden er derfor: Ser han potensialet for aktivt å bruke statens eierskap for å utløse dette sparepotensialet?

Mitt andre eksempel handler om norsk solcelleindustri. Solcelleindustri har åpnet for nye muligheter på tradisjonsrike industristeder som Glomfjord, Narvik og Herøya. Enkelt sagt er en vanlig solcelle en tynt skåret skive av krystallisert silisium som er overflatebehandlet og påført et nett av strømførende ledninger som fanger opp elektrisiteten som blir produsert når lyset treffer skiven. Silisium er et av de vanligste grunnstoffene i naturen og produseres av sand, kvarts og gneis. ScanWafer importe-

rer i dag ca. 1 300 tonn ren silisium til sin produksjon av wafere fra USA, Tyskland og Frankrike.

Produksjonen av silisium krever ca. en femtededels årsverk for ett tonn silisium. Det vil si at produksjon av silisium til dagens produksjon av wafere til ScanWafer alene hadde sysselsatt ca. 100 personer i tillegg til de 500 som i dag allerede er knyttet til norsk solindustri.

Det er verdt å merke seg at dette er en industri som vokser med ca. 30–35 pst. i året. Det er krav om og sterk fokusering på innovasjon og effektivisering, og det forsøkes derfor på nye produksjonsmetoder og prosesser for å redusere kostnadene. Denne forskningen skjer i stor grad der produksjon av «solar grade silicon» foregår.

Norge har store forekomster av kvarts, i tillegg til høy kompetanse på og forutsetninger for denne typen industri. Det er derfor ingen grunn til at ikke Norge kunne utvikle en industri som produserer «solar grade silicon» for bruk av ScanWafer og andre wafer-produsenter.

Det blir for meg et paradoks at vi må importere dette råmaterialet når vi bokstavelig talt sitter på et fjell av silisium. I tillegg kan denne ressursen benyttes til produkter som er til nytte for miljøet i bruksfasen, snarere enn å representere et problem. Mitt spørsmål er derfor: Hvilke grep har næringsministeren tenkt å ta for å sørge for å ta denne ressursen i bruk?

Mitt tredje eksempel handler om skrapmetall og Fundia. Skrapmetallkjeden er i utgangspunktet svært ressurseffektiv, men kan fortsatt bli bedre. Fundia i Mo i Rana er den eneste gjenvinningsbedriften for skrapjern i Norge, og dermed den eneste norske mottakeren av jern fra bilvrak, et avfallsprodukt som gjennom biloppsamlingsystemet er eid av den norske stat. Det er altså staten som tidligere var eier av mange av de 154 kiloene med kvikksølv som Fundia årlig får slippe ut – på ubestemt tid.

Fordi Fundia er en viktig del av det norske avfallsregimet, og fordi staten har vært eier av en del av disse problemforbindelsene, er det naturlig med en kostnadsfordeling mellom bedriften og myndighetene. Regjeringen har dessuten flere grunner til å ta tak i skrapjernkjeden. 15–20 pst. av bilvrakene resirkuleres ikke. De deponeres som avfall og graves ned. Å finne mer miljøvennlig behandling for dette «carfluffet» må være en viktig oppgave for eieren av skrapet, som foreløpig er staten. Det er i alle fall ingen løsning at SFT velger å eksportere bilvrakene til England, der SFTs interne undersøkelser har dokumentert at:

«England stiller kun overordnede krav til støv og støvavsug, og det gjøres ikke analyser av støvet. Støvutslippene synes dermed å være under strengere kontroll i Norge enn i England.»

Norske myndigheter sørger med dette ikke for noe godt eksempel til etterfølgelse når vi fra 2007 innfører produsentansvar for alle kasserte kjøretøy og det blir opp til bransjen selv å organisere innsamlingsystemet.

Staten burde i stedet delta i et spleiselag om rensing av kvikksølv, som i sin tur vil utløse større investeringer i stålprosessen ved Fundia. Her har Regjeringen all verdens muligheter til å kombinere en god miljøpolitikk

med en framtidrettet næringspolitikk og en effektiv energipolitikk. I stedet skusles mulighetene bort.

Ved å delta i et spleiselag kunne Regjeringen oppnådd mye positivt:

- Miljøvernminister Børge Brende kunne med rette skryte på seg et effektivt norsk tiltak for reduisering av kvikksølvutslipp, som bl.a. spres til Arktis og forgifter isbjørnene. Det siste er Brende ellers svært bekymret for. Han kunne også sagt at Norge rydder opp i miljøkonsekvensene av det norske skrapet, som han selv «eier».
- Energiminister Einar Steensnæs kunne vise til et effektivt tiltak for å redusere kraftforbruket i stålverket med 20 pst. og samtidig få fjernet ubehagelig flimmer fra kraftnettet i regionen.
- Næringsministeren kunne legge et aldri så lite virkemiddel i verktøykisten – et bidrag til å styrke en av landsdelens største arbeidsplasser og et bidrag til en ny teknologi som kan bli en eksportvare for Norge.

Det er ikke bare lov i EU, men EU oppmuntrer faktisk til statlig støtte til forskning og utvikling av ny teknologi som kan bidra til energisparing og miljøforbedringer. Og mer enn det: Ved å etablere en ny standard for beste tilgjengelige teknikker, såkalt BAT, setter vi ny standard også for EU, dette som en følge av IPPC-direktivet, som regulerer forurensningstiltak i både Norge og EU. Vi kan bli pådrivere for ny miljøteknologi.

Det er noe puslete over å dilte etter EU. I stedet burde vi selv gå foran. Nå har næringsministeren muligheten til å bli en «BAT-man» som bidrar til å omsette norsk miljøteknologi til eksportprodukter, og dermed skape nye og framtidrettede arbeidsplasser i Norge. Tar næringsministeren utfordringen om å bli Regjeringens «BAT-man»?

Alle disse tre eksemplene illustrerer hvorfor vi bør se industrielle verdikjeder i sammenheng. Finner vi de gode løsningene, kan vi skape framtidrettede industriarbeidsplasser basert på industriell-økologiske prinsipper.

Vi har bare én klode. Uansett om vi oppfører oss som om verdens ressurser var ubegrenset, så er de ikke det. Gabrielsens statsrådskollega og partifelle Børge Brende refererer i forordet til årets Worldwatch-rapport, Jordens tilstand, til gjennomføringsplanen som ble vedtatt på verdensstoppmøtet om bærekraftig utvikling i Johannesburg i Sør-Afrika i 2002, hvor det heter:

«Det er helt nødvendig med fundamentale endringer i måten samfunnet produserer og konsumerer på, hvis vi skal oppnå en bærekraftig utvikling.»

Utfordringen til industrien er omstilling til bærekraft. Dette er noe vi bør hjelpe næringslivet med, og i alle fall bør vi sørge for at vi ikke legger hindringer i veien for denne helt nødvendige omstillingen og moderniseringen, som må til om norsk industri skal ha ei framtid i et langtidsperspektiv. Norge kan bli verdensledende i bærekraftig industriutvikling, om Regjeringen vil. Det ønsker SV i så fall å bidra til.

**Presidenten:** Det kan bli litt spennende å se hvilke kostymer næringsministeren er villig til å iføre seg.

**Statsråd Ansgar Gabrielsen [10:41:05]:** Man kan ikke unngå å få visse assosiasjoner og bilder på netthinne når man nærmest blir forespurt om man vil ta på seg Regjeringens «BAT-man»-utrustning, men hensett til alle de filmene jeg har sett om Batman, tror jeg foreløpig jeg skal beholde stortingsbunaden.

